

Byråsjef *B a r c a g a*, som leder av jordbruksstatistikken i Statistisk sentralbyrå, sin fulle tilslutning til planen om et jordregister, bygget på oppmåling.

Få merket ulempene med de usikre arealoppgaver mere enn de som arbeider med jordbruksstatistikken.

Statistikk burde jo være den objektive sannhet, men den har vanskelig for å bli det, så lenge oppgavene for de enkelte bruk er tøyelige som trekkspill og øker og minker etter som omstendighetene gjør det ønskelig.

To ganger har en nå sett hvordan arealoppgavene minker under en krig og igjen øker, når krigen er slutt. I det hele tatt er de arealoppgavene en får, sterkt påvirket av formålet oppgavene skal brukes til.

Det vil derfor ikke nytte å bygge et jordregister på skjønnsmessige arealoppgaver fra eierne. Skal det bli av noen verdi, må det bygge på oppmåling, så en kan stole på oppgavene i registeret.

Da ikke flere forlangte ordet, avsluttet dirigenten, statsgeolog *H o l m s e n*, diskusjonen med en takk til alle som hadde deltatt. Han uttalte bl. a. at såvel foredraget som diskusjonsinnleggene hadde tydelig klarlagt at det var et sterkt behov for å få et jordregister også i vårt land. Han håpet derfor at denne sak måtte bli fremmet så snart som mulig.

## FRÅ SMØLA.

Av forsøksassistent *A. Hovd.*

Frå «Nordiske Jordbruksforskeres forenings» kongress i Oslo i juli i fjor gjekk heimreisa over Vestlandet, og eg nytta høve til å sjå Ny Jords forsøksgard og bureisingsfelt på Smøla.

Saman med styraren — landbrukskandidat *Sorteberg* — farta eg kringkom på forsøks garden og fleire bureisingsbruk, og det eg her fekk sjå av dyrkingsresultat overgjekk i grunnen nokså mykje det eg hadde venta. Ein kan ikkje tru anna enn det gir gode voner for bureisinga og dyrking på dei store myrvidder der ute i framtida.

Forsøks garden vart starta i 1937—38 og ein kan nok segja at arbeidet først har komi retteleg i gang etter at krigen slutta. Men dei resultat som hittil er nådd er likevel sers forvitnelege, og eg skal nemne eit og anna ut frå notatene mine, men først nokre ord om Smøla og myrene der ute.

### *Myrene.*

Det er vel 68.000 dekar myr på Smøla, og av det er halvparten grasrik mosemyr av nokonlunde god dyrkingsverd (D 3).

I åra 1930—35 kjøpte Ny Jord 28.000 dekar myr, og har skifta ut i alt 90 bruk og hittil er det bygd hus på 31 bruk — forsøks garden medrekna. Her er opparbeid ca. 30 km veg over felta, dertil 7 km

gardsvegar og grave ca. 80 km kanaler. Dette er soleis det største samla bureisingstiltak i landet. Hittil er oppdyrka ca. 800 dekar myr — derav 70 dekar på forsøks garden. Krigstida med gjødsel- og frø-mangel m. v. har sjølsagt sett dyrkingsarbeidet mykje attende.

Myrene på Smøla er ganske einsarta og for det meste nokså djupe, 2—3 til 5—6 m og ligg oftast direkte på fjellgrunn, så for dyrkinga er den store djupna nermast ei vinning. Under ca. 0,5 m djupn er det gjerne god brenntorv så her nauvar ikkje med brensel. Men slik myr har ofte vist seg vanskeleg å dyrke. Difor var her framfor alt naudsynt med gransking og forsøk.

#### *Forsøka.*

Det er serleg forsøk med «spor»- eller «mikroemnene» koppar, bor, mangan og dessutan jarn (som ikkje er «sporemne» i vanleg meining) det vert arbeidd med, ved sida av kalkings- og jord-betringsforsøk.

Den svenske professor O. Svanberg sa i eit foredrag under kongressen i Oslo, at på myrer og tildels på sandjord i Nord-Sverige står det ofte på tilføring av koppar om ein i det heile kan drive lønsamt jordbruk. Med koppar slår kløveren til, og dette kan vera avgjerande for ei rasjonell og økonomisk føring (her fritt sitat etter minne). Eg — og truleg fleire — tenkte nok at dette var sett vel mykje på odden. Men det eg fekk sjå på Smøla — streka under dette sers kraftig. Det syner seg nemlig at serleg koppar og tildels bor og jarn er av vitalt verd for kultivering av myrene der ute.

Forsøk både i første og andre — tildels også i tredje års eng viste at det utan koppar var rein missvekst — nokre få veike og «tufsutte» timoteistrå, men med koppar var det gild raudkløver (serleg i 2. års eng) og timotei. Men det viste seg at med tilføring av koppar gulna ofte timoteien av mangel på jarn (klorose). Det var difor og naudsynt å tilføre jarn.

Ved attlegg til eng (og til havre og bygg) høver det soleis å tilføre 5,0 kg kopparsulfat (blåstein) og 100—150 kg jarnslag pr. dekar. Jarnslaggen til forsøka får dei frå Røros og han inneheld vanleg 0,6—0,9 % koppar og ca. 40 % jarn. Trongen til jarn er soleis stetta for lange tider. Men det er ikkje heilt klårt om plantene kan nytte kopperet i slaggen — truleg kan dei det. For vanleg jordbruksdrift kan det verta noko for dyrt og omstendeleg å få slaggen frå Røros til Smøla. Korleis ein på beste og billegaste måte skal tilføre dei emne som her er absolutt naudsynt, er ei viktig oppgåve for framtidig gransking.

Klorosen på grasartene er gjerne verst frå våren av og minkar når sumarvarmen kjem i veret, men vil alltid setja ned avlinga eindel. Nøysame grasslag, t. d. vanleg kvein, er mindre utsett for klorose enn timotei m. il. Kløveren får ikkje klorose om ein tilfører koppar, men ikkje jarn, men utan koppar ingen kløver. Både



Ny Jords forsøkgård på Smøla.

timotei og kløver hadde opprett og kraftig vekst (god saftspenning) der koppar og jarn var tilført, og kunne nok tevla i avling med eng på betre jord — i dei breide bygder. Utan koppar vert dei fleste kulturplanter veikje (gulspissjuke) og er utsett for klorose, difor er det alltid naudsynt å tilføre koppar som i regnrrike strok kan verta noko utvaska etter fleire år og må tilføres påny.

Ved dyrking av gulrot — som også her ute kan gi rett gode avlingar (3—4.000 kg pr. dekar), er det forufan koppar også naudsynt å tilføre bor — 1,5—2,0 kg boraks pr. dekar. Utan bor vert det lita avling og mykje sprokne og dårlege røtter. Gulrota treng rikeleg kalking.

Poteten gir god, frisk og fin avling, og høver bra på nyland. Han treng ikkje koppar og får ikkje klorose — og må ikkje kalkes for sterkt.

Havre og bygg treng koppar for kjernesettinga, men får klorose og må tilføres jarn eller mineraljord — 3—5 m<sup>3</sup> pr. dekar.

Det har vist seg at tungtløseleg jarn i slagg høver betre for å motverka klorose enn lettøseleg jarn-sulfat og klorid. Det er og truleg så, at tungtløseleg koppar verkar mindre til at plantene får klorose enn lettøseleg kopparsulfat.

#### *Kalking og jordbeting.*

Til kalking vert brukt skjelsand som det er rikeleg av ved stredene. Til eng, gulrot og bygg kan 12—15 hl (400—600 kg CaO) pr.

dekar vera høveleg, altså ei noko sterkare kalking enn ein til vanleg har rekna med på myr. Til havre og potet veikare kalking — 4—6 hl skjelsand (200—250 kg CaO) pr. dekar. På sterkare kalka myr får havren «lysflekksjuke» (manganmangel), og potetavlinga kan verta mykje nedsett. Mangansulfat er for dyrt, og til havre brukar ein i slike høve tomasfosfat (som inneheld mangan) i staden for superfosfat og til potet borttilførsel — 1,5 kg boraks pr. dekar. Elles bør både havre og potet i vekstskifte koma lengst mogleg frå kalkingsåret.

Høveleg mineraljord til betring av myra er det vanskeleg med, og sand- eller leirkøyning vil verta kostesam på dei store myrvidder på Smøla. Det har rett nok synt seg at mindre mengder (3—5 m<sup>3</sup> — liksåvel som større 10—25 m<sup>3</sup> pr. dekar) kan motverka klorose på gras og korn, men utover dette har ein ikkje så serleg gode røynsler for sand/leirkøyning. Det ser ut til at arbeiding i rett tid om våren — med myra er godt fuktig, tilføring av koppar (og helst jarn) og høveleg sterk allsidig gjødsling, heilt kan eliminere verk-naden av mineraljorda som i alle høve vert eit sers arbeidskrevande og dermed kostesamt kulturmiddel. Klorosen er gjerne verst på myr som vert for turr, laus og gjennomlufta under arbeidinga, soleis og ved fleire års open åker.

Sand frå fjæra kan i ymse høve verka til «lysflekksjuke» på havre — og likså visa negativ verknad — nedsett avling av gulrot.


#### *Dyrking og gjødsling.*

Dyrkingsmåten var tidlegare flåhacking av øvste laget (10—15 cm), som vart vekkført, og myra vart så fresa — for det meste 2 gonger. Dette er ein kostesam, men god dyrkingsmåte, serleg for avl av gulrot.

Seinare er pløying (eller fresing) utan flåhacking (med harving) mest brukt, da myroverflata oftast er ganske jamn. Ved denne måten (traktorarbeid) kjem all jordarbeidinga ikkje på meir enn 60—70 % av det berre flåhackinga kostar og vert soleis mykje billigare enn den gamle måten.

Grøtfeforsøk er sett i gang, men det er endå for tidleg å segja noko om resultatet. Ved vanleg dyrking har dei grøfta med 10—12 m teigar på forsøkgarden, og ved første dyrkinga på bureisingsbruka — ymse grøfteavstand 8—15 m. Det vert alltid brukt torv-kilegrøfter og vanleg djupn er 1,10—1,25 m. Nedbøren her ute er mykje mindre enn inn mot fjella på fastlandet — årsnedbør 800—900 mm, og i veksttida mai—sept. 300 mm.

Som vanleg på nydyrka og lite molda myr, må gjødslinga vera sterk og allsidig. Fosfor og kalium må vera hovudgjødsla og dertil kvæve. Her skulle det og vera trong til gjødsel som er tilsett dei naudsynte «spor»- eller «mikroemne» som koppar og bor m. v. Skal seinare nemne døme på gjødsling på nydyrka myr frå eit veldrivi bureisingsbruk.



Bureising på Smøla.

Ugraset — vassarven — er noko pågåande serleg der myra er oppe til åker i fleire år. Det er om å gjera å halda ugraset nede i attleggsåret — der det ikkje vert sådd dekkvekst og helst så til med engfrø alt første eller andre året på nydyrka myr. Gulrota må ha ugrasrein og velarbeidd jord — og får aldri husdyrgjødsel. På velstelt jord og med godt reinhald kan gulrotfeltet vera på same stad i fleire år. Vert myra for laus ved arbeiding i fleire år, rullar ein med tung rull om våren før sånaden.

Av sers stor interesse var det elles for meg å få kjennskap til dei nye planer som er utarbeidd av Sorteberg for forsøk med «mikro»-næringsemne. Det har nemleg vist seg at ved vanleg rutefordeling (sjakkbrett) vert det for stor nabovertknad millom ymse forsøksledd, og ein får ikkje det rette utslag for dei ymse «spor-emne».

Ny plan for grøfteforsøk var også sers interessant.

#### *Bureisingsbruka.*

Eg fekk også høve til å sjå fleire bureisingsbruk, og mange av bureisarane hadde kome godt i gang med dyrking og drift. Eg såg t. d. rett gode beitefelt med bra kvitkløver, ganske som det gode beitefeltet på forsøkgarden.

Ein bureisar hadde dyrka ca. 60 dekar, men omlag halvparten var no gamal eng (frå krigstida — utan gjødsel), som låg til beite og var noko simpel og skulle pløyas om. Av andre halvparten var

12 dekar grønfôr (havre) og ca. 20 dekar eng med rett gild vekst (timotei og ein del kløver), som vel nok kunne ha hevda seg bra på god myr her på Mæresmyra. Men så hadde han gjødsla med 40—50 kg superfosfat, 25 kg kalisalt og 25 kg kalksalpeter pr. dekar.

Men husdyra — serleg ungdyra — var mindre gode og viste tildels tydeleg merke på mangelsjukdom — eit merke på at ikkje berre plantene, men og husdyra treng tilføring av naudsynte «spor-emne» som koppar, kobolt m. fl.

Det er av stort verd for bureisarane ute på Smøla å få sjå og læra av forsøk og røynsler på forsøkgarden, og likså å ha ein så stø og påliteleg rådgivar som styrar Sorteberg har vore. Han vert sikkert sakna når han no — etter 10—12 års arbeid der ute — reiser frå Smøla.

Smølamyrene er vel som kystmyr elles noko simpel dyrkingsjord, og det vert ofte sagt — med nokon rett — at ein skal vera varsam med å sette folk på slik jord. Men etter det eg såg der ute — både på forsøkgarden og bureisingsbruk, kan det ikkje vera tvil om at det finst råd og farbar veg til rett gode avlingar og bra driftsresultat også på denne jorda. Men granskning og forsøk er absolutt naudsynt.

Ein kan segja at Smøla er ein noko vanskeleg utpost — ja vel, men det sannar seg truleg her og, at det ofte er på utpostane dei største landevinningar vert gjort.

## ARSMELDING FOR TRØNDELAG MYRSELSKAP FOR 1947.

(44. arbeidsår.)

Ved årets begynnelse var medlemstallet 72, hvorav 63 årsbetalende og 12 livsvarige medlemmer.

I årets løp er innmeldt 3 årsbetalende medlemmer, således at selskapet ved årets utgang hadde 75 medlemmer.

Meddelelser fra Det norske myrselskap er som tidligere sendt medlemmene gratis.

Selskapet har i 1947 fått kr. 3.000,00 som bidrag fra Det norske myrselskap og kr. 800,00 fra Nord- og Sør-Trøndelag fylker. Fra en rekke herreder i Nord- og Sør-Trøndelag er mottatt kr. 1.655,00 og fra banker i Trøndelag kr. 250,00.

Styret uttaler hermed sin beste takk for disse bidrag, som har muliggjort det arbeid som ble utført i 1947.

Våren 1947 besluttet selskapets styre å ansette fast landmåler.

Der meldte seg 3 ansøkkere til stillingen, og landbrukskandidat Karle Kjølstad, Levanger, ble ansatt. Han tiltrådte 1. juni 1947 og har fullført en rekke eldre kartarbeider og leder selskapets undersøkelser av såvel dyrkingsfelter på myr som brenntorv og torvstrømyrer i Trøndelag.

Følgende myrer er undersøkt: